



**DET KONGELEGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT**

Høringsnotat av 24. juni 2009



Foto: Fiskeri- og kystdepartementet

**Ny forskrift om inndraging av fangst og bruk av
inndregne midlar**

Høringsfrist 1. september 2009

Innhald

1. Innleiing.....	3
2. Bakgrunn.....	3
3. Disponering av inndregne midlar	4
4. Nokre hovudspørsmål	6
4.1 Forholdet mellom administrativ inndraging og straff/sanksjonar	6
4.2 Om beviskravet ved administrativ inndraging	6
4.3 Omfanget av inndraginga - ”Fangst som er hausta i strid med lova”	7
4.3.1 Fangst utover kvote	8
4.3.2 Bifangst	8
4.3.3 Minstemål	8
4.3.4 Tidsrom for hausting	9
4.3.5 Reiskapsbruk	10
4.3.6 Manglande løyve	10
5. Departementet sine forslag	10
5.1 Arbeidsdelinga mellom salslaga og Fiskeridirektoratet	10
5.1.1 Gjeldande reglar	10
5.1.2 Vurdering av arbeidsdelinga	11
5.2 Vurdering av disponeringa av inndregne midlar	12
5.2.1 Skilje mellom inndregne midlar som følgje av fangst utover kvote og andre brot .	12
5.2.2 Bruk av inndregne midlar som følgje av fangst utover kvote	14
5.2.3 Bruk av inndregne midlar som overstig gruppeknoten	14
5.2.4 Bruk av inndregne midlar til andre formål enn dei som er nemnde i forskrifta	15
5.3 Tidsfrist for disponering av inndregne midlar.....	16
6. Vederlag ved ilandføring	17
7. Andre endringar	18
7.1. Rapportering.....	18
7.2 Vedtakskompetanse ved brot på deltakarlova	18
7.3 Mellombels tilbakehald	18
8. Konsekvensar	19
9. Utkast til forskrift om inndraging av fangst og bruk av inndregne midlar.....	19

1. Innleiing

I lov 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova) § 15 er det fastsett ei plikt for fiskarane til å føre all fangst av fisk i land, med mindre det er gjort unntak for dette i forskrift. Grunngevinga for å fastsetje reglar om utkastforbod, er at fisken i svært mange tilfelle i praksis kan komme til å døy når han vert kasta på sjøen frå fartøy. Av omsyn til miljøet og ressursane er det viktig at fisk ikkje vert kasta ut, men førd til land. Plikta til ilandføring gjeld også dersom fangsten er teken i strid med føresegnar i eller i medhald av lova, eller vil representere overfiske av det enkelte fartøy sin kvote.

Sjølv om fangsten skal førast i land, er det likevel eit grunnleggjande prinsipp at den som haustar av dei marine ressursane ikkje skal få behalde fangsten dersom han ikkje har løyve til å fiske, eller fangsten er ulovleg etter kvotereglar eller andre reglar. Fiskarane skal ikkje oppnå nokon fordel ved den ulovlege haustinga. Derfor gjev havressurslova § 54, jf. tidlegare saltvassfiskelova §§ 7 og 11, og deltakarlova § 27, reglar om inndraging av fangst eller verdien av fangst teken i strid med føresegnene i eller i medhald av desse lovene.

Den nærare reguleringa av inndregne midlar er i dag gitt i forskrift 20. november 1989 om inndraging av fangst og anvendelse av inndratte midler. Forskrifta gir føresegnar om saksbehandlingsreglar, om utrekning og fordeling av inndragingsbeløp og om korleis ein skal disponere inndregne midlar.

Som ein følge av ny havressurslov har det oppstått eit behov for å revidere forskrifta. Vidare ønskjer departementet å drøfte kva midlar inndregne etter dei ulike heimelsgrunnlaga kan og skal nyttast til, då dette ikkje har vore tilstrekkeleg presisert tidlegare. Departementet gjorde ei slik drøfting i eit forslag til endring av forskrifta som vart sendt på høyring 11. august 2005, men høyringsnotatet vart ikkje følgt opp då ein avventa ny havressurslov. Departementet gjer difor i dette høyringsnotatet framlegg om ei ny forskrift om inndraging av fangst og bruk av inndregne midlar. Eit hovudpoeng i forslaget er også om ein del av inndragingskompetansen som i dag ligg til Fiskeridirektoratet skal overførast til salslaga.

2. Bakgrunn

Reglar om inndraging av fangst vart første gong innført i 1976, ved at det vart teken inn ein ny § 10 b i deltakarlova av 1972, jf. Ot.prp. nr. 39 (1975-76). Bakgrunnen var at ein hadde fastsett nye føresegnar om kvotereguleringar og desse viste seg å vere vanskelege å handheve på ein effektiv måte. Den nærare grunngjevinga var at *”det har vist seg å være et stort behov for regler om ulovlige fangster - av så vel preventive som praktiske grunner”*, jf. Ot.prp. nr. 39 (1975-76). Den nye § 10 b medførte at meirfangsten

eller verdien av den ved overskriding av fastsett samla fangstkvantum eller fartøykvote tilkom det salslaget som hadde hand om førsteomsetninga av fangsten. Inndraginga skulle gjerast utan omsyn til om tilhøvet medførte straffeansvar. Vedtak vart dermed gjort på eit reint objektivt grunnlag, utan at ein tok stilling til om vedkomande hadde handla forsettleg, aktlaust eller aktsamt.

Reglane om administrativ inndraging av fangst utover kvote vart vidareført i saltvassfiskelova av 3. juni 1983 nr. 40 ved at det i § 7 vart teke inn reglar som svara til reglane i deltakarlova § 10 b. Vidare fekk saltvassfiskelova § 11 tredje ledd ei ny føresegn om administrativ inndraging som medførte at ilandført død eller døyande fisk som var fanga i strid med føresegnene i lova eller føresegner gitt i medhald av lova, tilkom vedkomande salslag.

I deltakarlova av 26. mars 1999 vart delar av den tidlegare § 10 b vidareført i § 27. Føresegna medfører at eit fartøy sin fangst som overskrid den fangstmengde per tur som er fastsett i det enkelte løyve kan inndragast. I dag har § 27 lita sjølvstendig meining då brot på deltakarlova i alle høve er omfatta av havressurslova § 54.

Reglane om administrativ inndraging i saltvassfiskelova §§ 7 og 11 er no vidareført i havressurslova § 54. Føresegna fastset i første ledd at fangst eller verdien av fangst som er hausta eller levert i strid med føresegner som er fastsette i eller i medhald av lova, eller deltakarlova, kan inndragast. I andre ledd er det fastsett at departementet i forskrift kan gi nærare reglar om sakshandsaming m.m.

I delegeringsforskrift 16. desember 2008 er det fastsett at det er salslaga som har vedtakskompetanse i saker som gjeld fangst utover kvote, jf. §§ 12, 13 og 14. Vedtak om inndraging av fangst eller verdi av fangst teken eller levert i strid med havressurslova elles, eller føresegner gitt i medhald av lova, blir gjort av Fiskeridirektoratet sitt regionkontor. Vidare blir vedtak om inndraging etter deltakarlova eller føresegner gitt i medhald av lova gjort av Fiskeridirektoratet, jf. delegeringsforskrifta.

Det er grunn til å understreke at det *skal* gjerast vedtak om inndraging dersom det er ”klar sannsynlighetsovervekt” for at ein regel er broten. Korkje salslaga eller Fiskeridirektoratet kan velje om dei vil gjere vedtak om inndraging eller ikkje.

3. Disponering av inndregne midlar

Inndregne midlar etter havressurslova § 54 og deltakarlova § 27 tilkjem salslaga. Salslaga er samvirkeføretak der fiskarar anten direkte eller indirekte kan verte medlemmar, jf. lov 14. desember 1951 nr. 3 om omsetning av råfisk (råfisklova) § 3 første ledd. Medlemskap er frivillig, men etter råfisklova og råfiskforskrifta er det etablert omsetningsmonopol der all fisk som skal omsettast, tilverkast eller utførast i første hand, må omsettast gjennom eller med godkjenning av eit salslag.

Sidan inndregne fangst eller verdien av han går til salslaga, er det rett å seie at fiskarane, om enn indirekte, får ein fordel ved at ulovleg fisk vert ført i land, gjennom at salslaget brukar desse midlane til fordel for alle som leverer fisk, jf. også Ot.prp. nr. 85 (1991-92) side 23. Det kan likevel ikkje seiast at denne fordelten er særleg stor for den enkelte fiskar, fordi det i forskrift om inndraging av fangst og bruk av inndregne midlar § 6 er gjeve reglar om kva formål inndregne midlar kan nyttast til.

Forskrifta skil mellom midlar inndregne som følgje av fangst utover kvote og andre brot.

Midlar inndregne som følgje av andre brot enn fangst utover kvote skal etter reglane i dag nyttast til å dekke salslaga sine utgifter til kontroll, jf. forskrifta § 6 andre ledd. Føreseigna er formulert som ein kan-regel, men inneheld ingen alternativ til kva midlane kan nyttast til. Departementet har såleis tolka forskrifta om inndregne midlar § 6 slik at inndregne midlar *skal* nyttast slik det går fram av føreseigna.

Vidare kan også midlar inndregne som følgje av fangst utover kvote, jf. havressurslova §§ 12, 13 og 14 og deltakarlova § 27, nyttast til å dekke kontrollutgifter, jf. forskrifta § 6 første ledd. Desse kan i tillegg nyttast til prisutjamning eller til pristilskot og frakttilskot for leverte fangstar.

Som nemnt har departementet tolka forskrifta om inndregne midlar § 6 slik at inndregne midlar skal nyttast slik det går fram av føreseigna. Dersom salslaga ønskjer å nytte inndregne midlar til andre formål, kan departementet i det enkelte tilfelle gi løyve til dette, jf. § 6 tredje ledd. Departementet har lagt til grunn at slike tiltak må ha samanheng med havressurslova (tidlegare saltvassfiskelova) sitt formål.

Tabellen nedanfor viser ei oversikt over inndregne midlar i perioden 2004-2007 og kor stor del av midlane som av salslaga er innrapportert nytta til kontroll.

Oversikt over inndregne midlar. Tal i tusen kroner.

År	Fangst utover kvote	Annan ulovleg fangst	Totalt inndratt	Brukt kontroll
2004	70.318	8.339	78.657	11.299
2005	104.489	1.777	106.266	11.008
2006	83.420	4.095	87.515	11.810
2007	84.262	2.882	87.144	11.963
Totalt	342.489	17.093	359.582	46.080
Totalt %	95,2 %	4,8 %	100 %	12,8 %

Omfanget av fangst utover kvote kan synast stort. Dette har sin bakgrunn særleg i nokre reguleringsmessige tilhøve som er forklart på side 13. Oversikta viser at salslaga nytta ca. 46.1 millionar kroner (12,8%) av dei totale inndregne midlane til ressurskontroll i perioden 2004-2007. Av dette var ca. 17,1 millionar kroner inndregne som følgje av andre brot enn fangst utover kvote (midlar som utelukkande skal nyttast

til kontroll). 29 millionar av midlar inndregne som følge av fangst utover kvote vart såleis nytta til kontroll i staden for tilbakeføring til flåten gjennom pristilskot, prisutjamning og frakttilskot.

4. Nokre hovudspørsmål

4.1 Forholdet mellom administrativ inndraging og straff/sanksjonar

Systemet med administrativ inndraging av fangst må sjåast i samanheng med ilandføringsplikta fastsett i havressurslova § 15, og vidare det grunnleggjande prinsipp at den som haustar av dei marine ressursane ikkje skal få behalde fangsten dersom han ikkje har løyve til å fiske, eller fangsten er ulovleg etter kvotereglar eller andre reglar.

Administrativ inndraging av fangst hausta i strid med føresegner fastsette i eller i medhald av havressurslova eller deltakarlova er såleis ikkje å sjå på som ein sanksjon, fordi det gjeld inndraging av fangst som av ein eller annan grunn er ulovleg, og som det dermed ikkje var lov å hauste. Brot på desse reglane gjer at fartøya ikkje har krav på å behalde fangsten eller verdien av han. Inndraginga har såleis ikkje som formål å påføre eit vonde ved straff. Administrativ inndraging skjer utan omsyn til subjektiv skuld, det må berre påvisast at fangsten objektivt sett er hausta i strid med lova. I Ot.prp. nr. 39 (1975-76) er administrativ inndraging omtala slik på side 4: *"En har forutsatt at en bestemmelse av denne type ikke er grunnlovsstridig, da det for så vidt ikke er tale om straffelignende inndragning, men en regulering av eiendomsretten til tidligere eierløse ting. Noe skyldspørsmål skal således ikke vurderes."*

Høgsterett behandla i Rt. 2007 side 1217 spørsmålet om eit vedtak om å inndra fangstverdi i medhald av saltvassfiskelova § 11 tredje ledd er straff etter den europeiske menneskerettskonvensjonen artikkel 6. Høgsterett kom samrøystes til at dette ikkje var tilfelle. I dommen heiter det: *"Da inndragning etter saltvannsfiskeloven § 11 tredje ledd ikke har noe pønalt formål, men bare har som formål å sikre at den som har fanget eller ervervet fisk ulovlig, må gi fra seg fisken, vil verken en separat eller samlet bedømmelse av Engel-kriteriene kunne føre til at inndragningen blir klassifisert som straff."*

4.2 Om beviskravet ved administrativ inndraging

Inndraging etter havressurslova § 54 og deltakarlova § 27 er som nemnt ovanfor ikkje rekna for å vere ein sanksjon fordi det gjeld inndraging av fangst som av ein eller annan grunn er ulovleg, og som det dermed ikkje var lov å hauste. Formålet med inndraginga er dermed ikkje å påføre fiskaren ei straff, men *"..å frata den som har fanget eller ervervet fisk ulovlig, verdien av fiskepartiet"*, jf. Rt. 2007 side 1217. Dei fleste tilfella der det er snakk om inndraging er klare tilfelle, der verken juss eller faktum byr på tvil. I nokre situasjonar vil likevel spørsmålet om beviskrav vere aktuelt.

Det er dei sivilprosessuelle bevisbyrdereglane som skal nyttast når forvaltninga gjer vedtak. Utgangspunktet er då at det mest sannsynlege faktum skal leggjast til grunn. Trass i at administrativ inndraging ikkje har som formål å ileggje ei straff, vil det likevel ofte bli oppfatta slik av den som inndraginga rettar seg mot. Det bør derfor stillast noko strengare krav til bevisbyrde enn det hovudregelen tilseier.

Spørsmålet vart drøfta av Høgsterett i Rt. 1999 side 14. Fleirtalet i Høgsterett tok i dommen utgangspunkt i at spørsmålet om kva bevisbyrdereglar som skal gjelde ved inndraging etter saltvassfiskelova § 11 må løysast ut i frå ein sivilprosessuell synsvinkel. Det vart likevel lagt vekt på at inndraging *"utvilsomt har store likhetspunkter med det straffeprosessuelle inndragingsinstituttet."* På denne bakgrunn kom fleirtalet til at det måtte vere "klar sannsynlighetsovervekt" for det aktuelle faktum, for at ein kunne rekne vilkåra for administrativ inndraging for å vere oppfylte.

At det skal gjelde eit krav om "klar sannsynlighetsovervekt" i saker om administrativ inndraging vart også konstatert i Rt. 2007 side 1217. Fleirtalet tok her utgangspunkt i alminnelege norske prinsipp for bevisvurdering i sivile saker. I dommen heiter det vidare: *"Siden vedtaket bygger på at A har begått en straffbar handling, og vedtaket ikke bare har økonomiske følger for ham, men også vil kunne få konsekvenser for den tillit han har behov for i sin næringsutøvelse, mener jeg at det – ut fra alminnelige norske prinsipper for bevisbedømmelse – også for denne sanksjonen må stilles krav om klar sannsynlighetsovervekt for at den handling som danner grunnlaget for sanksjonen, er begått, jf. Ot.prp. nr. 70 (2003-2004) side 33-34 og Rt. 1999 side 14."*

4.3 Omfanget av inndraginga - "Fangst som er hausta i strid med lova"

I havressurslova § 54 heiter det at "(f)angst eller verdien av fangst som er hausta eller levert i strid med føresegner som er fastsette i eller i medhald av lova her, eller deltakerloven" tilkjem det enkelte salslag. Grunngevinga er at fiskaren ikkje skal få behalde den ulovlege eller ulovlege delen av fangsten. Ettersom inndraginga skjer på objektivt grunnlag og det såleis ikkje er rom for skjønn ved avgjerda av om inndraging skal skje og ved berekning av kva som skal inndragast, vert spørsmålet som skal vurderast om heile eller delar av fangsten er hausta eller levert ulovleg, og eventuelt kva omfang den ulovlege delen utgjer.

I praksis vert fangsten omsett ved landing og vedtak om inndraging gjort i ettertid. Salslaga inndreg dermed ikkje sjølve fangsten, men verdien av den.

Verdien av den ulovlege fangsten vert inndregen sjølv om det ikkje var mogleg å unngå fangsten. Reglane er reint objektive og krev ikkje noka vurdering av om det var mogleg å unngå fangsten eller om fiskaren har vore aktsam. Dersom reglane er brotne med vilje eller ved aktløyse, kan saka også meldast til politiet.

I det følgjande vert det gjort greie for nokre hovudtypar av inndraging. Gjennomgangen er ikkje uttømande.

4.3.1 Fangst utover kvote

Ved inndraging av fangst utover kvote i medhald av deltakarlova § 27 eller havressurslova § 54, jf. §§ 12, 13 og 14, vert den delen av fangsten som er fiska utover kvoten, inndregen. Det er naudsynt. Dersom det vert innført ein regel som gjer at fiskar får behalde delar av fangsten utover kvoten, vil det reelt sett innebære at fartøya får ein auka kvote. Det vil ein i neste omgang måtte ta omsyn til ved fordeling av den nasjonale kvoten og gruppekvotene, slik at desse ikkje vert overfiska.

4.3.2 Bifangst

Ved inndraging av fangst som følgje av for mykje bifangst vert den ulovlege delen av bifangsten inndregen. Dersom det til dømes er gitt løyve til å ha 20 prosent bifangst av eit fiskeslag, og fiskar ved landing har 15 prosent bifangst, vil han ikkje få inndrege noko av fangsten. For dei tilfella der bifangsten utgjer 25 prosent av fangsten, vil den delen som går utover dei lovlege 20 prosent verte inndregen. Den lovlege delen av bifangsten vert ikkje inndregen. I nokre tilfelle overstig "bifangsten" 50 prosent av fangsten. Dersom ikkje fartøyet har kvote på dette fiskeslaget, vert dette rekna som eit ulovleg direkte fiske. Då vert heile fangsten inndregen, jf. Ot.prp. nr. 20 (2007-2008) kapittel 7.2.1. og 7.2.2.

Avgrensinga av bifangst vert fastsett på ulike måtar i ulike haustingsverksemdar. Dersom ikkje anna er bestemt, gjeld føresegnar om bifangst i det enkelte hal. Bifangst kan også avgrensast og reknast som ein prosentdel av den totale fangsten anten i kvart hal, om bord til ei kvar tid, ved avslutning av fiske eller ved landing. Dersom ikkje anna er sagt, skal bifangst reknast i vekt. I nokre spesielle tilfelle er det også fastsett bifangstavgrensing som tonn på årsbasis eller som ein prosentdel av fartøykvoter.

4.3.3 Minstemål

For mange fiskeslag er det fastsett reglar om minste tillatne storleik på fisk som kan haustast, såkalla minstemål. Det vert gjort for å sikre ei berekraftig forvaltning, der det ikkje vert tatt for mykje småfisk. Trass i at ein har utvikla fangstreiskapar som i stor grad sorterar ut den minste fisken samt har høve til å stenge område der det er stor risiko for å få mykje fisk under minstemål, er det likevel ikkje til å unngå at ein får noko fisk under minstemål. For at det skal vere mogleg å gjennomføre eit fiske, vert det derfor i mange fiskeri fastsett reglar som gjer det tillate å ha noko fisk under minstemål i fangsten. Når det er meir fisk enn tillate under minstemål i ein fangst, vert fisket rekna for å vere ulovleg. Heile fangsten vert dermed inndregen.

Det kan umiddelbart virke urimelig at relativt små brot på reglane om minstemål medfører at heile fangsten blir inndregen, medan ein ved for mykje bifangst eller fangst utover kvote berre får inndrege den delen av fangsten som overstig den bifangsten det er lov å ha eller kvoten. Grunngevinga for at reglane om inndraging av fangst utover tillate minstemål skil seg frå andre inndragingsreglar, er det berande prinsippet om vern av yngel.

Det er eit mål å halde innslaget av fisk under minstemål så lågt som mogleg, då det på lang sikt vil gje ei høgast mogleg avkastning av ressursane. At ein kan få heile fangsten inndregen dersom ein tar for mykje fisk under minstemål, vil rette haustinga mot dei vaksne individa, noko som i dei aller fleste tilfella er den mest forsvarlege måten å hauste på.

Ettersom fangst som inneheld meir fisk under minstemål enn det tillate vert rekna for å vere ulovleg fangst, vil inndraging av heile fangsten stå i forhold til lovbroet, jf. fleirtalet i næringskomiteen i Innst. O. nr. 45 (2007-2008) pkt. 7.2.

4.3.4 Tidsrom for hausting

Departementet kan fastsetje forskrifter om tidsrom for hausting. Det kan vere ulike reguleringar som fastsetjing av opningsdato for eit fiskeri eller fastsetjing av ulike periodar der det kan fiskast med den konsekvens at det er forbode å fiske i andre periodar. Til dømes er det i forskrift 22. desember 2004 nr. 1878 om utøvelse av fisket i sjøen (utøvningsforskrifta) kapittel VI fastsett forbod mot å fiske bestemte artar til bestemte tider.

Tidsrom for hausting kan fastsetjast av ulike grunnar. For det første kan det vere biologiske årsaker. Det kan vere behov for å avgrense fisket til bestemte tider, til dømes ut frå omsynet til rekrutteringa til ein bestand, ut frå gyteperiodar eller fordi ein veit frå erfaring at det i ei ein periode er høg innblanding av fisk under minstemål. Vidare kan hausting av ein bestand i ein periode ha negativ innverknad på andre delar av økosystemet, slik at det av den grunn kan vere behov for å avgrense haustinga. For det andre kan det vere at ein av marknadsomsyn eller av omsyn til avtaket ønskjer å sikre at haustinga fell saman med gode marknads- og mottakstilhøve for fangsten. Forskrifter om tidsrom for hausting kan gjelde for heile fiskeri eller for nærare avgrensa geografisk område.

Fiskarane har ikkje krav på å behalde fangst som er teken i eit tidsrom der det er fastsett forbod mot å hauste. Dersom heile eller delar av ein fangst likevel blir teken i eit slikt tidsrom, vert den delen som er hausta i det forbodne tidsrommet inndregen.

4.3.5 Reiskapsbruk

Uttaket av viltlevande marine ressursar vert også regulert gjennom ulike former for reiskapsavgrensingar. Til dømes er det gjeve reglar om maskeutforming og maskevidde i trål og snurrevad i utøvingsforskrifta kapittel II. Dersom eit fartøy nyttar andre reiskapar enn dei tilletne, vert dette rekna som eit ulovleg fiske. Heile fangsten vert då inndregen.

4.3.6 Manglande løyve

For mange fiskeslag er det fastsett forbod mot å fiske, med mindre ein har eit gyldig løyve. Til dømes er det i forskrift 17. desember 2008 om regulering av fisket etter torsk, hyse og sei nord for 62°N i 2009 § 1 fastsett forbod for norske fartøy å fiske og lande torsk, hyse og sei nord for 62°N. I medhald av forskrifta kan blant anna fartøy med gyldig torsketrålkonsesjon likevel drive fiske innanfor fastsette kvotar. Fiske etter torsk, hyse og sei nord for 62°N utan gyldig trålkonsesjon vert dermed rekna som eit ulovleg fiske. Heile fangsten vert då inndregen.

5. Departementet sine forslag

5.1 Arbeidsdelinga mellom salslaga og Fiskeridirektoratet

5.1.1 Gjeldande reglar

Kompetanse til å gjere vedtak om inndraging er delt mellom salslaga, Fiskeridirektoratet og Fiskeridirektoratet sine regionkontor. Vedtak om inndraging av fangst utover kvote blir gjort av salslaga. Grunngevinga for at denne inndragingskompetansen er lagt til salslaga er at det er salslaga som gjennomfører kvotekontrollen. Gjennom denne har dei eit ansvar for å halde oversikt over kor mykje fartøya har fiska av kvotane sine og at dei i samband med omsetninga av råfisk får ei rekkje opplysningar om fangsten. I tillegg skal salslaga ha opplysningar om alle fangstar som vert landa i Noreg gjennom landingssetlane. Salslaga kontrollerer landings- og omsetningsopplysningar mot kvoteopplysningar, løyve til å delta i fisket o.a.

Fiskeridirektoratet sine regionkontor gjennomfører kontroll av fiske som er ulovleg av andre grunnar enn at det er fiska utover kvote, og kompetansen til å gjere vedtak om inndraging av fangst eller verdi av fangst hausta eller levert i strid med havressurslova elles, eller føreseigner fastsett i medhald av lova, ligg derfor til regionkontora. Vidare gjer Fiskeridirektoratet vedtak om inndraging av eit fartøy sin fangst eller verdi av fangst som overskrid den fangstmengde per tur som er fastsett i det enkelte løyve, jf. deltakarlova § 27.

I alle høve går dei inndregne midlane til salslaga og det er også salslaga som i praksis effektuerer inndraging etter vedtak på alle desse grunnlaga.

5.1.2 Vurdering av arbeidsdelinga

Departementet vurderte arbeidsdelinga mellom salslaga og Fiskeridirektoratet slik i Ot.prp. nr. 20 (2007-2008) side 106:

”Departementet meiner det systemet som er etablert i dag, der salslaga gjer vedtak ved inndraging av fangst over kvote, er fornuftig fordi dette har nær samanheng med verksemda deira. Salslaga er også dei som kan gjere desse vedtaka raskast og mest kostnadseffektivt. På same måte vert ordninga der Fiskeridirektoratet gjer vedtak om inndraging av ulovleg fangst, ført vidare.”

Departementet var likevel oppe for at det seinare kunne vere behov for å gjere endringar: *”Dersom ein finn at det kan vere tenleg å delegere kompetanse til å gjere vedtak i fleire typar saker til salslaga enn berre fangst over kvote, vil det måtte fastsetjast i forskrift med heimel i denne føresegna,”* jf. side 219.

Salslaga får ei stadig viktigare rolle i ressurskontrollarbeidet. Etter kvart som tekniske løysingar og moglegheiter vert betre vil dei gjennom systema sine ved enkle måtar kunne avdekke rettsstridige forhold som dei ikkje har heimel til å inndra. Sjølv om salslaga sit på all nødvendig informasjon til å kunne gjere eit inndragingsvedtak, må dei i dag i staden gi melding til Fiskeridirektoratet. Direktoratet må så gå gjennom dei same forholda som salslaga allereie har undersøkt før dei etter å ha sendt ut førehandsvarsel og tatt stilling til eventuelle motsegn, kan gjere vedtak om inndraging. Ordninga medfører ei dobbeltbehandling ved at to instansar må gå gjennom dei same forholda.

Eit spørsmål er derfor om salslaga bør få utvida sin kompetanse til også å omfatte nokre av sakene som gjeld anna enn fangst utover kvote. Dette kan til dømes vere der salslaga naturleg avdekkar forhold kring bifangst og fredingstid m.m.

Departementet meiner at ei utviding av salslaga sin inndragingskompetanse vil vere tenleg. Ei utviding av inndragingskompetansen vil gjere saksbehandlingstida for denne type saker kortare, ettersom ein slepp den dobbeltbehandlinga ein har i dag. Å få ei raskare avklaring av ei inndragingssak vil klart vere i fiskarane sine interesser.

Å overføre delar av inndragingskompetansen til salslaga vil også medføre ei meir kostnadseffektiv saksbehandling, ettersom salslaga sit på all nødvendig informasjon etter landing. Ein føresetnad må då vere at overføringa av inndragingskompetanse gjeld forhold som er enkle for salslaga å dokumentere ved at dei klart går fram av sluttsetelen.

Departementet meiner at salslaga framleis skal ha kompetanse til å inndra fangst utover kvote, slik dei gjer i dag.

Vidare meiner departementet at kompetanse til å inndra på bakgrunn av bifangst bør leggjast til salslaga. Alle opplysningar om fangsten vert registrert ved omsetning og det vil dermed automatisk gå fram av sluttsetelen om eit fartøy har meir bifangst enn det som er tillate.

Departementet meiner vidare at det vil vere enkelt for salslaga å avdekke fangst teken i fredingstid, jf. kapittel VI i utøvningsforskrifta. Føresegnene omfattar fredingstid for kveite, breiflabb, uer og hummar, reglar om vatning av hummarteiner samt forbod mot å fiske på søndagar og høgtidsdagar. Ettersom fredingsdatoane går klart fram av forskrifta og fangstdato blir registrert ved landing som den siste dato med fangst på turen, vil avvik automatisk gå fram i sluttsetelkontrollen.

Også i høve til andre tidsrom som er stengde for hausting, som til dømes der det i årlege reguleringar er fastsett kva tidsperiode ein kan hauste i, meiner departementet at det bør vurderast om salslaga skal få inndragingskompetanse. Som ved brot på fredingstider i utøvningsforskrifta kapittel VI, vil det også i desse tilfella vere spørsmål om klare datoar, og ei vurdering av om det er hausta i strid med årlege reguleringar eller ikkje vil såleis ikkje avhenge av skjønn. Departementet ber høyringsinstansane om innspel på om salslaga bør få inndragingskompetanse på desse områda og eventuelt for kva type saker inndragingskompetansen bør gjelde.

Departementet foreslår vidare at salslaga får kompetanse til å gjere vedtak om inndraging av fangst hausta i strid med havressurslova § 22 om sports- og rekreasjonsfiske og § 23 om omsetningsgrense for sports- og rekreasjonsfiske. Departementet foreslår også at salslaga får utvida kompetanse til å omfatte inndraging av fangst utover såkalla skulekvotar og forskingskvotar, jf. havressurslova § 13, og fangst utover turkvote, jf. deltakarlova § 27.

På nokre av områda som det er foreslått at salslaga skal få inndragingskompetanse på, kan det oppstå tilfelle der brot på føresegnene ikkje automatisk kjem fram i setelkontrollen. Departementet foreslår derfor at også Fiskeridirektoratet sine regionkontor skal ha inndragingskompetanse på desse områda, slik at brota i alle høve vert fanga opp. Departementet føreset at Fiskeridirektoratet, regionkontora og salslaga etablerer rutinar for samarbeid, slik at ein både får fanga opp saker og unngår dobbeltbehandling.

Sjå forslag til forskrift § 2.

5.2 Vurdering av disponeringa av inndregne midlar

5.2.1 Skilje mellom inndregne midlar som følgje av fangst utover kvote og andre brot

I NOU 2005:10 peika havressurslovutvalet på at gjeldande forvaltning av inndregne midlar ikkje er så god som ho bør vere. Utvalet uttalte mellom anna at *„bruken av*

midlene i liten grad har vært tilfredsstillende kontrollert og rapportert med dagens ordning. Det vises her til Riksrevisjonens rapport (Dokument nr. 3:13 frå 2004)."

Departementet sende difor 11. august 2005 på høyring eit forslag om endring av reglane om inndregne midlar, der reglane for forvaltninga av inndregne midlar vart styrkte. Alle høyringsinstansane slutta seg til forslaget. Av ulike årsaker vart det bestemt å vente med å vedta forskriftsendringane til dette spørsmålet vart handsama i samband med ny havressurslov.

Departementet meiner det er grunn til å halde på skilje mellom disponeringa av midlar inndregne på bakgrunn av fangst utover kvote og midlar inndregne på andre grunnlag. Det vart grunngeve slik i høyringsnotatet om endring av forskrifta om inndregne midlar:

"Departementet har vurdert om salgslagene skal pålegges å bruke inndratte midler utelukkende til å styrke ressurskontrollen, jf. Fiskeriministerens redegjørelse til Stortinget i mai 2001. Departementet har kommet til at dette ikke er riktig, jf. også omtale av dette i vedlegg 3 til St.prp. nr. 1 (2003-2004) særlig side 171 og 174. Begrunnelsen for dette er at mesteparten av de midlene som inndras på grunnlag av fangst utover kvote, først og fremst har sammenheng med at notfartøy på siste tur ikke alltid klarer å ta akkurat det gjenstående kvantum av fartøykvoten og det vil derfor gjerne blir landet større kvanta enn det de enkelte fartøy har gjenstående på sin kvote. Basert på dette har forvaltningen i utgangspunktet ikke fordelt hele gruppekvoten, slik at overfiske unngås. Det kvantum som salgslaget har inndratt verdien av, er således en kvote som skulle vært fordelt på flåtegruppen. Det er derfor ikke unaturlig at disse midlene blir tilbakeført til flåten gjennom prisutjevning eller pristilskudd og frakttilskudd i ettertid. Denne reguleringsordningen er valgt fordi den bidrar til å redusere incentivet til dumping av fangst over kvote på siste tur og er et av mange tiltak for å motvirke utkast."

Om bruk av inndregne midlar til kontroll uttaler departementet følgjande i Ot.prp. nr. 20 (2007-2008) side 109: *"Når det gjeld bruken av midlar til ressurskontroll vil departementet gjennom forskrift føre vidare pålegget om at salslaga skal nytte midlar etter inndraging av ulovleg fangst til ulike ressurskontrolloppgåver. Det vert i all hovudsak gjort også i dag, og departementet vil understreke at midlar inndregne på grunn av fangst ut over kvote også til ei viss grad vert nytta til ressurskontrolloppgåver, sjølv om salslaga ikkje er pliktige til dette."*

Som nemnt under pkt. 3 har departementet tolka forskrifta om inndregne midlar § 6 slik at inndregne midlar *skal* nyttast slik det går fram av føreseigna. Det er derfor føremålstenleg at dette no går klart fram av forskrifta, og departementet foreslår dermed å endre teksten i tråd med dette. Dette medfører etter departementet si oppfatning inga realitetsendring.

Sjå forslag til forskrift § 5 første ledd.

5.2.2 Bruk av inndregne midlar som følgje av fangst utover kvote

Inndregne midlar som følgje av fangst utover kvote kan etter gjeldande forskrift tilbakeførast til fiskarane på fleire ulike måtar.

For det første kan midlane nyttast til "prisutjamning". Gjennom eit år vil prisen på dei ulike fiskeslaga variere og nokre fiskarar vil dermed få betre betalt per kilo fangst enn andre. For å jamne ut dette, kan salslaga ved slutten av året utbetale ein sum til dei fiskarane som i løpet av året fekk dårleg betalt for fangsten sin. På den måten kan salslaga gjere det slik at den årlege prisen fiskarane får for fangsten blir nokolunde lik, uavhengig av når dei leverer.

Salslaga kan også nytte dei inndregne midlane som følgje av fangst utover kvote til "pristilskot" som dei betalar ut til fiskarane ved slutten av året. Salslaga tek då utgangspunkt i det kvantum dei enkelte gruppene og dei enkelte fartøya har levert i løpet av året, og fordeler dei inndregne midla slik at dei vert rett avpassa i høve til dette.

"Frakttilskot" er private føringsordningar. Staten gir kvart år salslaga tilskot til føring av fisk frå mottak til produksjonsanlegg og frå områder med mottaksproblem til områder med ledig kapasitet. Ved å nytte inndregne midlar til "frakttilskot" kan salslaga supplere dei statlege føringsordningane og opprette føringsordningar med andre formål enn dei tildelt frå staten.

Grunngjevinga for at delar av dei inndregne midlane blir tilbakeført til fiskarane er som nemnt ovanfor at forvaltninga ikkje har fordelt heile gruppeknoten på fartøya, ettersom ein går ut i frå at dei på siste tur ikkje greier å ta akkurat det kvantum som står igjen på fartøykvoten.

Til illustrasjon kan vi seie at ein gruppekvote er 100 % og forvaltninga berre har fordelt 95 % av kvoten på flåtegruppa. Dersom det då etter siste tur blir landa 5 % meir enn det dei enkelte fartøya har løyve til, er det rimeleg at desse midlane vert tilbakeført til flåten gjennom prisutjamning, pristilskot eller frakttilskot, ettersom dei i utgangspunktet skulle ha vore fordelte på flåtegruppa ved tildelinga av kvotar.

Departementet meiner det er grunn til å halde på desse formåla og ønskjer derfor å vidareføre dei.

Sjå forslag til forskrift § 5 andre ledd første punktum.

5.2.3 Bruk av inndregne midlar som overstig gruppeknoten

Trass i at forvaltninga har tatt høgde for at det ved siste tur vert landa større kvantum enn det dei enkelte fartøya har løyve til, vil fangsten utover kvote i nokre tilfelle vere så stor at den overstig den delen av kvoten som skulle ha vore fordelt på flåtegruppa. Eit

spørsmål er då om det er rimeleg at flåtegruppa også skal få tilbakeført den delen av meirfangsten som overstig den opphavlege gruppeknoten.

Departementet meiner at det ikkje er rimeleg at midlar som overstig den delen av knoten som skulle ha vore fordelt på flåtegruppa blir tilbakeført til fiskarane. Bakgrunnen er at grunnlaget for å kunne nytte desse midlane til pristilskot, prisutjamning og frakttilskot ikkje lenger gjer seg gjeldande, då dette ikkje er midlar som i utgangspunktet skulle ha vore fordelt på flåtegruppa. Fangst utover den eigentlege gruppeknoten er dermed ulovleg fangst som fiskarane ikkje har krav på. Departementet meiner at slik fangst må likestillast med annan ulovleg fangst, til dømes fangst av eit fiskeslag ein ikkje har kvote på, og at det derfor bør reknast som midlar som berre kan nyttast til ressurskontroll.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at det berre er den delen av meirfangsten som er innanfor den opphavlege gruppeknoten som kan tilbakeførast til fiskarane gjennom prisutjamning, pristilskot og frakttilskot.

Sjå forslag til forskrift § 5 andre ledd andre punktum.

5.2.4 Bruk av inndregne midlar til andre formål enn dei som er nemnde i forskrifta

Dersom salslaga ønskjer å nytte inndregne midlar til andre formål enn dei nemnt ovanfor, kan departementet i det enkelte tilfelle gi løyve til dette, jf. gjeldande forskrift § 6 tredje ledd. Føreseigna vart inntatt i forskrifta ved forskrift 6. februar 2004 nr 528. Departementet har vurdert om det er føremålstenleg at forskrifta framleis opnar for ei slik moglegheit.

Dei seinare åra har departementet i større utstrekning enn tidlegare gitt løyve til å nytte inndregne midlar til andre formål. Til dømes har departementet gitt Norges Sildesalgslag løyve til å nytte midlar inndregne som følgje av fangst utover kvote til mellom anna finansiering av leiting etter ulike fiskeslag og til oppretting av tapsfond for dekning av laget sin eigenrisiko ved oppgjør for sal i første hand dersom kjøpar ikkje er i stand til å gjere opp for seg. Vidare har Norges Råfisklag fått løyve til å nytte slike midlar til undersøking av eventuelle kvikksølvførekomstar i blåkveite. Ein føresetnad for at salslaga har fått løyve til å nytte inndregne midlar til desse tiltaka har vore at alle ligg innanfor formålet med deltakarlova og den tidlegare saltvassfiskelova, som blant anna er å sikre ei rasjonell og føremålstenleg utnytting av ressursane i havet. Vidare har alle tilfella vore tiltak i fiskefelleskapet si interesse.

Departementet meiner at forskrifta framleis bør opne for at salslaga i enkelte tilfelle kan få løyve til å nytte inndregne midlar til andre formål enn dei som uttrykkeleg er nemnt. Det har dei siste åra vist seg at salslaga med jamne mellomrom har behov for tilskot til å dekke utgifter ved ulike prosjekt som ikkje er omfatta av formåla som er opplista i § 6 første ledd. Dette gjeld tiltak som heile fiskerinæringa får fordel av, og som salslaga ikkje får finansiert på andre måtar. Dersom ein ikkje har ei slik opning, vil færre slike

prosjekt verte gjennomført, ettersom ikkje alle salslaga har økonomi til å støtte dei. Ei slik løysing vil vere lite tenleg for fiskefelleskapet.

Departementet foreslår derfor å vidareføre føresegna som opnar for at ein i enkelte tilfelle kan gi salslaga løyve til å nytte inndregne midlar til andre formål enn dei som er opprekna i forskrifta.

Sjå forslag til forskrift § 5 tredje ledd.

5.3 Tidsfrist for disponering av inndregne midlar

Gjeldande forskrift om inndraging av fangst og bruk av inndregne midlar pålegg salslaga å nytte midlane innan tre år, utan å gje føresegner om kva som skjer dersom salslaga ikkje nyttar midlane til desse formåla innan fristen. Dette har gjort at salslaga ved nokre høve har inntektsført slike midlar. Det er i strid med intensjonane bak at desse midlane skal tilfalle salslaga, og departementet fekk kritikk av Riksrevisjonen for dette forholdet i Riksrevisjonen si undersøking av forvaltninga av fiskeressursane (Riksrevisjonen Dokument nr. 3:13 (2003-2004)). Departementet fremja difor følgjande forslag i høyringsnotatet av 11. august 2005:

”Departementet foreslår en presisering av hva midler inndratt etter de forskjellige hjemmelsgrunnlagene kan og skal brukes til. Samtidig foreslås det at midler som ikke anvendes innen tre år etter at de ble inndratt, skal overføres Fiskesalgslagenes Samarbeidsråd. Midlene skal der utgjøre en pott der salgslagene kan søke om midler til forskjellige kontrollformål. Den endelige avgjørelsen av slike søknader skal tas av departementet. ... Forslaget innebærer videre at samarbeidsrådet skal administrere en ordning der salgslagene kan søke om tilskudd til spesifiserte kontrolltiltak fra disse overførte midlene. Departementet skal etter tilråding fra samarbeidsrådet godkjenne bruken av midler. Forutsetningen er at midlene som overføres til fondet kun kan anvendes til kontrollformål. Midlene kan disponeres til fordel for de forskjellige salgslagene, uavhengig av hvem midlene ble overført fra i første omgang. Det avgjørende er at det er penger til rådighet og at det kommer søknader som omhandler kontrolltiltak. Ved å innta en slik bestemmelse i forskriften, sikrer man at inndratte midler som ikke blir anvendt innen en gitt frist, ikke inntektsføres hos salgslagene.”

Departementet har gjort ei ny vurdering av når inndregne midlar skal nyttast. Departementet har vurdert at ei ordning med ein felles pott som foreslått tidligare kan virke urimeleg, då det er store variasjonar i kor mykje dei ulike salslaga inndreg dei enkelte år og kor mykje som eventuelt ville ha blitt overført til potten. Departementet går derfor vekk i frå forslaget om at inndregne midlar som ikkje er nytta innan fristen skal overførast til ein felles pott disponert av Fiskesalgslagenes Samarbeidsråd.

Departementet foreslår i staden at dei enkelte salslaga får behalde dei inndregne midlane som i dag, men at fristen for når midlane må nyttast vert fjerna. Dette medfører

at salslaga sjølve kan nytte dei inndregne midlane når dei måtte ønskje og har behov. Salslaga vil såleis ikkje ha noko tidspress på seg for å bruke opp midlane. Ettersom det ikkje lenger er noko tidsrom som midlane skal nyttast innanfor, får salslaga heller ikkje noka oppfordring til å nytte midlane på andre måtar enn dei tiltenkte, slik dei tidlegare har gjort ved å inntektsføre dei.

Departementet meiner dette er den mest fornuftige løysinga med tanke på at salslaga stadig får større kontrolloppgåver. Ved å fjerne fristen for når dei inndregne midlane må nyttast, får salslaga over tid fleire ressursar til kontrollarbeidet, og dei kan fordele midlane på ein meir føremålstenleg måte innanfor dei formåla forskrifta tillet.

Føresetnaden er at dei inndregne midlane og andre midlar som salslaga har, vert halde frå kvarandre.

Salslaga skal kvart år gi melding om kva midlane har vorte nytta til, jf nedanfor i punkt 7.

6. Vederlag ved ilandføring

Ut frå ressurs- og miljøomsyn er det svært viktig at all fangst vert førd i land og registrert. Det er derfor eit mål at regelverket skal stimulere til at størst mogleg del av den ulovlege fangsten faktisk vert førd i land. Å bringe på land fangst som vil verte inndregen, medfører meirarbeid og kostnader for fiskaren. Når det vert vedtatt inndraging av heile verdien av den ulovlege fangsten, vil dette auke faren for utkast og dumping av slik fangst. For å sikre at den ulovlege fangsten vert ført i land og ikkje kasta på sjøen, vert det gitt eit vederlag for ilandføring av fangsten. Dette vederlaget er sett til 20 prosent av fangstverdien, jf. gjeldande forskrift § 3 andre ledd.

Etter gjeldande forskrift § 3 tredje ledd vert det ikkje gitt vederlag for kostnadene ved ilandføring av fangst av pelagiske fiskeslag utover kvote. Unntaket vart tatt inn i forskrifta ved endring 5. oktober 2001. Bakgrunnen var at ein ikkje såg på meirarbeidet med å ivareta utilsikta fangst utover fartøykvotane som stort i pelagisk sektor, samtidig som ein var redd for at regelen om å oppfordre til ilandføring i staden for dumping i ein stadig sterkare regulert marknad ville føre til at fleire tok risikoen på overfiske for å sikre at ein fekk fylt opp kvotane sine. Det var derfor eit ønskje om å avgrense omfanget av regelen om vederlag, for såleis å bidra til eit noko mindre press på fiskeressursane.

Departementet meiner det er naturleg å føre vidare reglane om vederlag for ilandføring av ulovleg fangst, jf. forslag til ny forskrift § 3.

I dag er kravet for å få slikt vederlag at den ulovlege fangsten "åpenbart ikke var tilsiktet", jf. gjeldande forskrift § 3 første ledd. I enkelte tilfelle har dette synt seg vanskeleg å praktisere. Departementet vil derfor gjere framlegg om å lempe noko på

dette kravet ved å stryke ordet "åpenbart", jf. forslag til ny forskrift § 3 første ledd. Dette vil også innebære at ein ikkje kjem så langt inn i ei skuldvurdering ved praktiseringa av denne regelen.

7. Andre endringar

7.1. Rapportering

Etter gjeldande forskrift § 2 skal salslaga sende oppgåver til Fiskeridirektoratet over inndrege kvantum og verdi. Likeeins skal dei kvart år gi departementet melding om kva midlar som er inndregne og bruken av desse. Departementet meiner det er føremålstenleg å samle salslaga si rapporteringsplikt i ei føresegn. Departementet meiner vidare det er føremålstenleg å setje ein frist for rapporteringa og å setje krav om at rapporteringa skal attesterast av salslaget sin revisor. Departementet foreslår at dette vert tatt inn i forskrifta.

Sjå forslag til forskrift § 7.

7.2 Vedtakskompetanse ved brot på deltakarlova

I gjeldande delegeringsforskrift 16. desember 2008 ligg kompetansen til å gjere vedtak om inndraging som følgje av fangst utover kvote, jf. havressurslova §§ 12, 13 og 14, til salslaga. Vidare ligg inndragingskompetansen etter havressurslova elles eller føresegner fastsett i medhald av lova, til Fiskeridirektoratet sine regionkontor, medan kompetansen til å gjere vedtak om inndraging som følgje av fangst hausta eller levert i strid med deltakarlova eller føresegner fastsett i medhald av denne, ligg til Fiskeridirektoratet.

Som nemnt i pkt. 5.1.2 foreslår departementet at salslaga får kompetanse til å gjere vedtak om inndraging som følgje av fangst utover turkvote etter deltakarlova § 27. Departementet meiner vidare det vil vere føremålstenleg at vedtakskompetansen ved inndraging som ikkje ligg til salslaga vert gjort på same nivå. Departementet foreslår derfor at Fiskeridirektoratet sine regionkontor skal gjere vedtak om inndraging ved andre brot på deltakarlova og havressurslova enn dei nemnde i forslaget til ny forskrift § 2 første ledd.

Sjå forslag til forskrift § 2 andre ledd.

7.3 Mellombels tilbakehald

Av havressurslova § 54 tredje ledd andre punktum går det fram at departementet kan gi forskrift om mellombels tilbakehald. Dette kan vere vesentleg for å sikre at verdien av

ulovleg fangst vert innkravd i alle saker. Departementet foreslår å ta inn ei føresegn om mellombels tilbakehald i forskrifta § 6.

Departementet meiner at salslaga skal halde tilbake fangstverdi i dei tilfella der det er sendt førehandsvarsel om inndraging til fiskar, jf. forslaget § 6 første ledd første punktum. I nokre tilfelle kan sluttsetelkontrollen vise avvik som tyder på at inndraging vil skje, men det er behov for å gjere grundigare vurderingar av forholdet før førehandsvarsel kan sendast ut. Departementet meiner at salslaga også i slike tilfelle skal kunne ha høve til å halde tilbake fangsten, slik at dei får tid til å gjere dei undersøkingane som er nødvendige, jf. forslaget § 6 første ledd andre punktum.

Departementet meiner vidare at inndragingssaker bør avgjerast så fort som mogleg og foreslår derfor å avgrense tilbakehaldstida til maksimalt 45 dagar. Dersom fiskar kjem med motsegn mot varsel om inndraging slik at det er behov for lengre saksbehandlingstid, foreslår departementet at tilbakehaldstida kan gjerast lenger, så framt fiskar er underretta om dette, jf. § 6 andre ledd.

For dei tilfella der fiskar har fått oppgjør for fangsten før det vert sendt varsel om inndraging, kan verdien av fangst krevjast inn ved motrekning i fangstoppgjær, jf. havressurslova § 54 tredje ledd første punktum.

8. Konsekvensar

Framlegget om ny forskrift medfører at forvaltninga av dei inndregne midlane vert styrka, mellom anna ved at det vert presisert kva midlane skal nyttast til. Framlegget medfører vidare at salslaga får auka ansvar og arbeidsmengd ettersom inndragingskompetansen vert utvida, medan det vil føre til ein tilsvarende nedgang i arbeidsbelastninga til Fiskeridirektoratet.

9. Utkast til forskrift om inndraging av fangst og bruk av inndregne midlar

Fiskeri- og kystdepartementet gjer på denne bakgrunn framlegg om følgjande forskrift, fastsett med heimel i lov 26. mars 1999 nr. 15 om retten til å delta i fiske og fangst (deltakerloven) § 30 og lov 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova) § 54 andre ledd:

§ 1. Verkeområde

Denne forskrifta gjeld for inndraging av ulovleg fangst og fangst utover fastsett kvote, eller verdi av slik fangst, gjort i medhald av havressurslova § 54 og deltakerloven § 27, jf. § 30.

§ 2. Vedtakskompetanse

Salslaget som førstehandomsetninga av fangsten som blir inndregen er lagt til, gjer vedtak om inndraging av

- a) fangst utover kvote jf. havressurslova §§ 12, 13 og 14,
- b) ulovleg bifangst,
- c) fangst hausta i fredingstid jf. forskrift 22. desember 2004 nr. 1878 om utøvelse av fisket i sjøen kap VI,
- d) fangst hausta i strid med havressurslova §§ 22 og 23 og
- e) fangst utover turkvote jf. deltakerloven § 27.

Fiskeridirektoratet er klageinstans.

Fiskeridirektoratet sitt regionkontor gjer vedtak om inndraging som følgje av andre brot på havressurslova og deltakarlova enn dei nemnte i første ledd, og kan i tillegg gjere vedtak om inndraging etter brot som nemnt i første ledd. Fiskeridirektoratet er klageinstans.

§ 3. Vederlag ved ilandføring

Ved inndraging som følgje av fangst utover kvote eller andre brot skal ein gi vederlag for omkostningar ved ilandføring dersom meirfangsten eller den ulovlege fangsten ikkje var tilsikta.

Vederlaget skal setjast til 20 % av verdien av meirfangsten eller den ulovlege fangsten.

Første og andre ledd gjeld likevel ikkje ved inndraging av fangst utover kvote av brisling, lodde, makrell, hestemakrell, kolmule, norsk vårgytande sild og nordsjøsild etter havressurslova §§ 12, 13 og 14.

§ 4. Fordeling av inndregne midlar

Dersom eit fartøy har levert til fleire salslag og inndraging skjer i medhald av fastsette sesongkvotar, skal dei inndregne midlane fordelast mellom desse salslaga i høve til levert kvantum. Salslaga sin del av dei inndregne midlane skal reknast ut frå prisen på den fangst som vert levert etter at fartøyet sine tilletne kvotar er oppfylte.

§ 5. Disponering av inndregne midlar

Midlar inndregne som følgje av brot på havressurslova og deltakerloven skal nyttast til å dekkje salslaget sine utgifter til kontroll med om føresegner fastsette i medhald av havressurslova og deltakerloven vert følgde.

Midlar inndregne som følgje av fangst utover kvote i medhald av havressurslova § 54 jf. §§ 12, 13 og 14 og deltakerloven § 27 kan i tillegg til formålet i første ledd nyttast til prisutjamning eller pristilskot og frakttilskot for leverte fangstar. Verdien av den delen av fangst utover kvote som overstig gruppekvoten, jf. havressurslova § 11 andre ledd, kan likevel berre nyttast til kontroll.

Salslaget kan nytte midlar inndregne som følgje av fangst utover kvote til andre formål når departementet i det enkelte tilfelle gir løyve til dette.

§ 6. *Mellombels tilbakehald av fangstverdi*

Salslaget kan halde tilbake verdien av fangst når det er grunn til å tru at verdien av fangsten vil verte inndregen. Salslaget skal halde tilbake verdien av fangst når varsel om inndraging er sendt før fiskaren har fått oppgjør for fangsten. Fiskaren skal gjerast kjend med at fangstverdien mellombels er halden tilbake.

Verdien kan haldast tilbake i inntil 45 dagar frå den dagen fiskaren fekk melding om at fangstverdien mellombels er halden tilbake. Ved motsegn mot varsel om inndraging kan tilbakehaldstida forlengast med ytterlegare 45 dagar dersom dette er meldt til fiskaren.

§ 7. *Rapportering*

Salslaget skal kvart år innan 1. april gi melding til Fiskeri- og kystdepartementet og Fiskeridirektoratet om kva midlar som er inndregne det føregåande år, heimelsgrunnlag og om kva midlane har vorte nytta til. Meldinga skal attesterast av salslaget sin revisor.

§ 8. *Ikraftsetjing*

Denne forskrift trer i kraft straks. Samtidig vert forskrift 20. november 1989 nr. 1185 om inndragning av fangst og anvendelse av inndratte midler og delegasjonsforskrift 16. desember 2008 nr. 1376 oppheva.